



Altfor ofte har Uskedalen vorte nedjustert eller gløymt i offisielle turistguidar og kart, men det er heldigvis ikkje tilfelle i den nye turistguiden for Sunnhordland. Den er kortfatta men likevel utømmende for dei som vil ha ein rask oversikt over tilbodet i området. Uskedalen er omtala mellom anna under overskifta KULTURVANDRING.

Her anbefalast ein tur med egne bilar 8 kilometer opp i dalen med innlagt stopp på Friheim Gardsmat. Det vert sett fokus på kapteinsgården, gravhaugar, elv og landskap.

I Haugland skulemuseum kan ein oppleve ein skuledag i gamle dager før retur til sentrum med info om krigshandlingane

Bygdetunet og Bøkkerverkstaden kan ein vitja for 100 kroner med minst 5. i gruppe. Det er egne opplegg for bussgrupper, står det å lesa.

Bygdetunet og Haugland gamle skule er også ofra ein eigen omtale og under båtutleige finn ein Rabben Feriesenter.

Også Øyro og båtlaget si hamn er med, men berre med ei linje kvar.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen.